

**Fra:** Ole Bakkebø <olebakkebo@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 8. august 2022 22:11  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Fwd: Div bygg 58/9 Alver kommune  
**Vedlegg:** 2022.07.20\_Alver\_kommune\_Post\_fra\_4631\_Alver.pdf

Alver kommune

Eg viser til dykker brev datert 18.juli 2022 der de etterlyser div dokumenter knytt til søknad om driftsbygning m.m.

Fredag den 5. aug leverte eg direkte til dokumentsenteret på Frekhaug den dokumentasjonen kommunen etterspurte i punkt 5 og 6 i brevet dykker. Eg håper dermed at de har mottatt dette og fått oversendt det de etterlyser. I motsett fall så ta kontakt.

Når det gjeld den øvrige del av brevet dykker så trekk eg søknaden. Eg ser ingen grunn til full pådra meg full sakshandsaming med dispensasjonshandsaming og nabovarsel for å setje nytt tak over to eksisterande bygningar. Eg trur at de må ha misforstått kva eg søker om : Det dreier om eit skur for ved, gjerdemateriell etc. knytt til to eksisterande bygningar : Området skulle bli rydda, og vølt, brønnen sikra og det heile meir praktisk nyttbart i samband med drifta.

Etter all denne uheldige kommunikasjonen med kommunen som oppstod i samband med denne driftsbygningen, er det interesse å finne ut kva som har gått galt. Dette må vi unngå for framtida. Eg ynskjer difor eit kort møte med kommunen for å drøfte opplegg for vidare prosess med denne sjøbua og problemstillingar knytt til den; jamfør førehandskonferansen i fjar. Det er viktig for begge parter at status og prosess er avklart slik at vi har felles forståelse av kva det dreier seg om og kva som skal til.

Store deler av bruket I og sjølve tunskipnaden ligg nemleg i «100 m beltet» og det gjer noko krevjande å utvikle og drifta eigedomen. Neste byggefase med denne sjøbua inneber dispensasjon og spørsmålet dreier seg om kva dispensasjonen skal innehalde av element sidan eg samstundes vil söke om justering av LNF status på visse deler av tunet. Vi kan då evnt ta opp dette omtalte vedskuret til avklaring i det same møtet. På førehandskonferanse vart eg oppmoda om å ta alt av planlagde og ynskte saker på ein gang og i ein søknad mht til dispensasjonssøknad. Det satser eg på å gjennomføre.

Eg ber om at de finn eit ledig tids vindu for nemnde møte. Eg kan kome på kort tidvarsle. Så får vi bli samde om ein dagsorden for møte.

Med vanleg helsing

Ole Bakkebø  
90942794

Videresendt melding:

**Fra:** [olebakkebo@gmail.com](mailto:olebakkebo@gmail.com)  
**Emne:** Div bygg  
**Dato:** 21. juli 2022 kl. 07:53:44 CEST  
**Til:** ole Bakkebø <[olebakkebo@gmail.com](mailto:olebakkebo@gmail.com)>

Sendt fra min iPhone